

## Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2021

Desse sat i soknerådet i 2021 :

Sissel Sørebo, leiar, diakonikontakt og Kirkens Nødhjelp-kontakt  
Joar Oppedal, nestleiar  
Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Kenneth Førde, Åge Østerbo, vara Jon Nesheim og geistleg representant Geir Sørebo og Karl Hjelmeland.

Sissel Sørebo og Kenneth Førde representerte soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.  
Personlege vara er Alf M. Svartemyr og Ingunn Østerbo.

Liv-Gunnbjørg Søreide er soknerådet sin kasserar. Ho har ei lita godtgjersle frå fellesrådet.

### Personalsituasjonen :

Sokneprest : Geir Sørebo våren 2021, Karl Hjelmeland frå 1. aug.

Prost: Knut Magne Nesse

Kantor: Gerda Otterstein  
Kyrkjelydspedagog: Toril Lange

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein  
Sekretær kyrkjekontor: Katarina Vattekar  
Kyrkjetenar: Bjordal Norvald Bjordal  
Ortnevik Joar Oppedal

Klokkar i Bjordal og Ortnevik  
og sekretær for soknerådet : Ann Iren Østerbo

### Gudstenester:

Også dette året har vore prega av koronapandemi, men dette fekk vi gjennomført :

Det har vore 22 gudstenester i soknet. 6 fleire enn i 2020 .

I alt var det 689 framsmøtte ( 243 fleire enn året før ) og 40 nattverdsgjester ( 11 færre enn for 2020 )

5 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.

2 julaftangudstenester.

Det har vore utegudsteneste på bøen til Norvald Bjordal ( 21 ), friluftsgudsteneste på Sørebo ( 41 ),  
friluftsgudsteneste på Sande ( 25 ) og hausttakkefest på Massnes ( 50 ).

Kyrkjevertar har vore Sølvi Gunn Kalstad, Mari- Ann Lund Fridtun, Sissel Sørebo, Gerd Brekke og Gunvor Hommedal.

Elles har det vore 0 vigslar, 5 barnedåp og 4 gravferder.

Ved ofringar og gåver for mat kom det inn kr 35.939,- inkl. vipps og offer (kr 14.891,- meir enn i 2020 ).

Av dette kr 9.810,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kom det inn kr 9.619,-. ( Digitalt + bøsser )

Soknerådet v/leiar og kasserar har fått ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene.

Det står kr 62.636,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 10.449,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Det kom inn ei minnegåve på kr 4.400,- til Ortnevik kyrkje etter Magne Fitje sin bortgang.

Det har vore 1 andakt v/Geir S. og 1 andakt v/ Karl Hjelmeland på Sørsida Bygdetun.

Det vart ikkje juletreff i Ikjefjord dette året på grunn av pandemien.

### Trusopplæring /barn og unge:

Bjordal & Ortnevik sokn har godkjent trusopplæringsplan.

Toril Lange var med på eitt soknerådsmøte i august og informerte om trusopplæring og konfirmantarbeid 2021/2022.

Soknerådet vedtok eigenandel for konfirmantane på kr 600,- i 2021, sidan nattcupen gjekk ut p.g.a restriksjonane.

Toril Lange, Mari-Ann L. Fridtun, Sissel Sørebo og Ann Iren Østerbo har vore med i trusopplæringsutvalet for Bjordal og Ortnevik.

#### I 2021 har vi hatt desse tiltaka :

- 2. mars var det T-dag på Sørebo for 1.-5. klasse – 4 jenter + Toril og Mari-Ann.
- 13. april var det T- dag i Bjordal kyrkje for 1.- 5. kl. med tema påskevandring og påskeformings- aktivitet 4 barn + Toril, Mari – Ann og Ann I.
- 28. sept. var det T-dag på Sørebo for 2.-6. klasse – 3 born fekk høyre om Gud skaper. Toril, Mari-Ann og Ann Iren.
- 30. nov. var det T- dag på Sørebo for 2.-6. klasse. Tema var advent og jul. 3 born + Toril, Mari-Ann og Ann Iren.

Det er no så få barn i målgruppa at vi prøver å legge til rette for at alle som har lyst, kan få vere med. Difor er samlingane tysdagar rett etter skuletid slik at også dei som går på skule kvar dag, kan delta.

Alle er sjølv sagt velkomne sjølv om familien ikkje er medlem i Den norske kyrkja.

I tillegg har det vore:

- Ei familiesamling i Ortnevik kyrkje – v/ Toril, Karl og Ole med til saman 6 barn og 8 vaksne.
- Det har vore 1 ungdomskveld i Gamlebanken i Bjordal v/ Toril, Øyvind Rømo og Ole M. Ådland.
- Kenneth Førde har samla unge vaksne til brettspelaktivitet seks gonger med seks personar i snitt.

Det vart ikkje tårnagentgudsteneste dette året p.g.a. koronarestriksjonane. I staden var det utegudsteneste med etterfølgjande grilling på bøen til Norvald Bjordal ein søndag i januar. Dei borna som ikkje hadde høve til å møte på hausttakkefesten, fekk utdelt bøker denne dagen. Det vart delt ut 2 stk av Mi kyrkjebok 4, Mi kyrkjebok 6 og Teikneseribibelen – 1 av kvar bok på utegudstenesta og 1 på Massnes. Elles fekk borna ulike bøker frå IKO – kyrkjetrapp.

Dette året var det ingen born frå soknet på NMSU leirar på Alværa.

Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Konfirmantar:

Våren 2021: 4 konfirmantar.

I løpet av vinter/ vår var det 1 digital og 6 fysiske samlingar - 3 i Ortnevik kyrkje, 1 i Bønnens hus og 2 utandørs på Sørebo.

Samtalegudstenesta var i Ortnevik kyrkje fredag 23. april v/konfirmantleiarane.

Konfirmantane stod med bøsser v/ butikken i Bjordal i samband med fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Konfirmasjonsgudstenesta vart flytta frå mai til søndag 5. september og var v/Karl og Toril.

Ansvarleg for konfirmantundervisninga var Toril Lange og Ole M. Ådland. Takk for innsatsen begge to!

Hausten 2021: 5 konfirmantar.

Konfirmantane vart presenterte på gudsteneste i Bjordal 22. august. Dei har også delteke på

hausttakkefesten på Massnes, helgemesse og lysmesse i Bjordal kyrkje.

I tillegg har det vore 4 konfirmantsamlingar:

- på Sørebø i september
  - "Saman dag" på Alværa i regi av Bjørgvin bispedøme – ei samling med band, dans, show, undervisning og aktivitetar. "Saman – dagen" var felles for alle konfirmantane i Høyanger og Hyllestad kommune.
  - Konfirmantsamling – fredag 12. nov. på dagtid – for konfirmantar frå Sørsida, Lavik og Hyllestad.
  - Konfirmantsamling i Bjordal kyrkje 23. nov. med førebuing av lysmessa.
- I tillegg var konfirmantane med på ungdomskveld i Gamlebanken i november.

Konfirmantane brukar læreboka: Delta – konfLog.

Ansvarleg for konfirmantane er Toril Lange og Karl Hjelmeland.

Takk til Sissel og Geir for tilrettelegging i hus på Sørebø.

### Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 5 møte, og handsama 47 saker og 31 meldingssaker. Takk til Dagny Bjordal for at vi får bruke Gamlebanken.

Aktivitetar i året som gjekk:

- 2 hyggestunder på Bygdetunet med lokalhistorisk tema, andakt, dikt, song /trekkspelmusikk og mat. Diakonikontakt Sissel Sørebø og medhjelparane Iris Vamråk og Mari-Ann L. Fridtun hadde ansvar for samlingane. Takk til dei og Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspelet sitt.
- Årsmøte for soknet var i Bjordal kyrkje etter gudstenesta 2. mai. Takk til Liv-Gunnbjørg for utført kasserarjobb og Mari-Ann L. Fridtun som er soknerådet sin revisor.
- Soknerådet har drøfta forordna gudstenester og årshjul for soknet. Skal det bli nokolunde regelmessig å samlast i kyrkja bør ein oppretthalde dei gudstenestene vi har – 15 i Bjordal og 6 i Ortnevik. Vedtaket vart sendt prosten.
- På gudsteneste i Bjordal 14. feb. fekk Andreas Ester ei brødkorg laga av Bjørn Rørtveit som avskjedsgåve og takk for åra han har vore presten vår på Sørsida.
- Etter gamal kyrkjelov skal soknerådet ein gong i året invitere tilsette til å ta del i drøftingane i rådet. I mars var Norvald, Joar og Ann Iren med på å diskuterte forholda i kyrkjelyden og dei oppgåver som ligg føre.
- Det kom inn kr 9.619,- til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, medrekna digital innsamling på Facebook.
- P.g.a koronasituasjonen vart påskegudstenestene avlyst. Det blei sett opp påsketidsvandring ute. Kunstplakatar med bibeltekstar hang på kyrkjeveggen første del av påsken i Ortnevik, og siste del og vidare utover ved Bjordal kyrkje.
- I Bjordal har Erling Bjordal, Norvald Bjordal, Sissel Sørebø og Toril Indrebø vore på dugnad på kyrkjegarden. Andrea Bjordal, Klara Bjordal og Sissel Sørebø pussa lysekrona før konfirmasjonen. I Ortnevik har Joar ansvaret, og i Ikkjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut etter vinteren.
- Oldebarn til Lars Norevik gav eit fint skåp i gåve til Ortnevik kyrkje då dei skulle selje småbruk i Ortnevik. Skåpet er no plassert i dåpssakristiet.
- Konfirmantane fekk blomster og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.
- Toril Lange fekk ei bok i gåve frå kyrkjelyden.
- Det er viktig at alle har skyss til arrangement. Takk til dei som fyller opp bilane sine. Spesielt takk til dei som har namnet sitt på ringeliste : Alf Magnar, Mari- Ann, Ann Iren, Liv- Gunnbjørg, Roald J., Bjørn R. og Arne/ Ingunn Ø.
- Soknerådet har bidrege med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder. Sissel er soknet sin representant i redaksjonsnemnda.
- Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi for dei som ynskjer det etter ein del gudstenester. I tillegg var det middag på hausttakkefesten på Massnes.
- Soknerådet har sendt høyringssvar i saka om ny kyrkjeleg organisering. I forkant var det samrådsmøte i Førde, og informasjonsmøte på Alværa v/ Geir S.
- Soknerådet har vedteke offerformål, og saman med sokneprest drøfta gudstenesteplan.

- Prioritering av kyrkjevedlikehald på Sørsida for dei kommande åra har vore sak.  
I tillegg har ein diskutert sikker handtering på gravplassane når det gjeld brannfare og renovasjon.  
Saka vart teke opp i fellesrådet og informasjon sett inn i kyrkjelydsbladet.
- På årsmøte og på soknerådsmøte drøfta ein felling av tre på Ortnevik gravplass; røter som skaper problem i samband med graver, og fare for tre som kan velte.  
Ein kommunegartnar vurderte saka, men foreløpig gjekk ein ikkje inn for felling av fleire tre.
- Sissel var soknerådet sin representant i ei gruppe i fellesrådsområdet som har drøfta revidert liturgi for gudstenesta. Dei har hatt to møter. Musikken vart presentert av kantor på årsmøtet.  
Soknerådet vedtok lokal grunnordning og liturgisk musikk i tråd med forslag frå gudstenesteutvalet.
- Vi har tidlegare vedteke ein kyrkjemusikalsk plan, og noko er også gjennomført dette året. To personar reiser til Lavik på øving i kyrkjekoret leia av kantor.
- 17. mai var det pianokonsert med Rune Alver i Bjordal kyrkje.
- Det var open konsert i Ortnevik kyrkje 24. juli i samband med fødselsdagsfeiring– eit privat initiativ som soknerådet såg positivt på.
- Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje 12. desember med Gerda Otterstein, Trine Osland, Ole og Camilla M. Ådland, Anders Brekke, Elena Søreide og Lea Weigelt .  
35 personar var tilstades.
- Geir Sørebo har kvar veke lagt ut god helg andaktar/ innleiing til søndagens tekst på nett ([www.worshippinginthenature.com](http://www.worshippinginthenature.com)).

### Misjonsprosjekt

Soknerådet held fram med samarbeidsavtale med NMS om prosjekt i Mali.

Soknet har ei NMS-misjonsforeining, Bjordal misjonslag, som var 150 år i 2021. Jubileet vart markert med omtale i kyrkjelydsblad, ved gudstenesta i Bjordal kyrkje 7. nov. der Toril Lange hadde helsing frå NMS, og på adventssamlinga på Sørsida Bygdetun i desember.

I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet gått sin gang trass i pandemi også dette året med tidebøner og forbøn. Takk til Ole og Camilla, Thea Elisabeth og John Eivind.

Vi takkar prestane Geir Sørebo og Karl Hjelmeland for godt samarbeid.

Takk til teologistudent Maria O. Georgsen og Andreas Ester som også har hatt gudstenester, Gerda Otterstein, Anders Brekke og Sjoerd Tolsma for musikken, Solveig Østerbo for kornettspeling, Tore Osen for visesong, Aud Marit Bjordal og Heleen Vos for solosong og alle dei lokale aktørane på julekonserten.

Toril Lange slutta som kyrkjelydspedagog 31.12.2021. Stor takk for den årelange innsatsen som er lagt ned for barn og unge i området.

Takk elles til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.

På grunn av koronasituasjonen har gudstenester og andre tilbod i kyrkjelyden vore redusert. Det er fint om folk kan komme med innspel om kva som er viktig å prioritere framover når situasjonen etter kvart blir meir normalisert.